

# SAKSFRAMLEGG

---

Sakshandsamar: Knut Vidar Svanheld  
Arkivsaksnr.: 21/160-9

Arkiv: MTR 26/1

---

## **Eablering av steinuttak gbnr. 26/1 - vurdering av planinitiativ**

### **Rådmannen si tilråding:**

Plan- og forvaltningsutvalet i Luster kommune tek planinitiativ frå Elin og Johannes Hauge i form av rapporten til Skred AS til etterretning, og rår rådmannen til å gå vidare med oppstartsmøte og igangsetjing av planprosess i tråd med rapporten.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningsloven § 12-8.

## **Saksutgreiing:**

### **Prenta vedlegg:**

1. Rapport frå Skred AS

### **Uprenta vedlegg:**

#### **Samandrag:**

Elin og Johannes Hauge, eigarar av gbnr 26/1 på Skjolden, ønskjer å etablere eit massetak til uttak av murestein på deira eigedom. Dei har hatt hjelp frå Skred AS til å gjere eit forprosjekt i form av ein rapport. Denne er fremja til kommunen som eit planinitiativ, og ein ønskjer no at PFU skal ta stilling til planinitiativet for å kunne konkludere med om det skal igangsetjast arbeid med reguleringsplan.

#### **Utval som har vedtaksmynde:**

Mynde til utvalet er gjeve i fylgjande lov, forskrift eller delegeringsmynde:  
Plan- og forvaltningsutvalet

#### **Fakta:**

Luster kommune har den 22.01.2021 motteke søknad frå grunneigar Johannes Hauge om uttak av inntil 10 000 m<sup>3</sup> plastrings,- og murestein. Uttaket skal føregå på hans eigedom gbnr. 26/1 i Skjolden. Føremålet med uttaket er mellom anna å sikre eit bustadhus mot utrasing i Mørkridselvi. Vi viser elles til opplysningane i den vedlagte søknaden. For Hauge vil det vere svært avgjerande for økonomien i sikringstiltaket at han kan nytte eigen stein inn i prosjektet.

Planområdet er vist som LNF-område i gjeldande arealdel til kommuneplanen.

Luster kommune har sendt søknaden vidare til offentlege mynde. Følgjande har gjeve uttale til kommunen:

1. Vestland Fylkeskommune:

#### **«Uttale**

Vestland fylkeskommune har tidlegare vore nabovarsla i samband med prøveuttaket. Det har også vore søkt om dispensasjon frå byggjegrensa og etablering av ny avkøyrsløp. Vi skreiv i brev av 04.02.2021 at det var behov for overordna avklaringar før me kunne behandle saka etter veglova. Blant anna er saka av eit slikt omgang at den må vurderast av direktoratet for mineralforvaltning. Vi kan ikkje sjå at saka har vore behandla der. I same brev skreiv vi at tiltaket måtte avklarast med Luster kommune, og at vi meiner tiltaket bør avklarast gjennom ein reguleringsplanprosess.

Tiltaket ligg svært nær fylkesvegen, og vi er uro over trafikktryggleiken langs vegen. Vi stiller oss difor negativ til dispensasjonssøknaden, og meiner det er uheldig å dispensere frå planen på noverande tidspunkt. Vi meiner saka fyrst må behandlast hjå direktoratet for mineralforvaltning. I denne saka er det også fleire sentrale avklaringar som bør skje gjennom ein reguleringsplanprosess og ikkje gjennom dispensasjon.»

2. Statsforvaltaren i Vestland

#### **«« Generelt**

Statsforvaltaren ser det generelt som viktig at vesentlege endringar av arealbruk fastlagt i overordna plan vert handsama etter reglane om planendring (eller reguleringsplan), og ikkje

gjennom dispensasjonar. Det er elles generelt ønskjeleg at mineralske ressursar vert forvalta gjennom oversiktsplan (kommuneplan/kommunedelplan) kor den samla ressurstilgangen, alternative uttaksstader og ulike verne- og brukarinteresser kan sjåast i samanheng.

Vi vil peike på at masseuttak kan vere store og skjemmaende inngrep i landskapet, samstundes som driftsfasen kan gå føre seg over fleire år. Miljøulempene i samband med uttak kan vere store både direkte når det gjeld støy, støv og avrenning og indirekte som følgje av transport mv. Det er difor viktig at m.a. miljøkonsekvensane er godt kjende og arealbruken grundig vurdert før ein eventuelt opnar for nye masseuttak. Større masseuttak skal baserast på reguleringsplan med føresegner, og driftsplan. Gjennom reguleringsplan kan det m.a. stillast krav om etappevis uttak, driftstider og terrengutforming for m.a. å dempe eventuell støy for kringliggjande hus, hytter m.m., og krav om tilstelling og tilbakeføring/etterbruk av området.

Eventuell dispensasjon for prøve drift og uttak av inntil 2000 m<sup>3</sup> steinmassar frå ura i området bør berre kome på tale dersom det gjennom saksutgreiinga og høyringsrunden vert tilstrekkeleg avklara at arealbrukskonfliktane er små, og at korkje inngrepet eller drifta vil medføre vesentlege ulemper for naturmiljø, landskap eller busetnad og/eller næringsaktivitet i form av m.a. støy.

Statsforvaltaren meiner at det aktuelle området for uttak av massar har ei utfordrande og eksponert plassering tett ved Fv. 55 og sjøen. Uttaksområdet ligg eksponert mot fylkesvegen, som er nasjonal turistveg, sjøen og mot sentrum. Lustrafjorden, som del av Sognefjorden, er nasjonal laksefjord. Uttak av steinmassar så tett ved sjøen kan gje utilsikta avrenning av finpartiklar til sjøen i eit område som ligg om lag 500 meter frå munninga til Mørkridselvi, som har bestandar av både laks og sjøaure. Ein eventuell dispensasjon må ha vilkår om konkrete tiltak for å hindre avrenning til sjøen.

Vi føreset at søknaden vert vurdert opp mot naturmangfaldlova, jf. særleg dei miljørettslege prinsippa i §§ 8-12.

Større masseuttak skal baserast på reguleringsplan med føresegner, og driftsplan. Gjennom reguleringsplan kan det m.a. stillast krav om etappevis uttak, driftstider og terrengutforming for m.a.

Viss kommunen meiner at det er grunnlag for å gje dispensasjon (jf. kriteria i pbl. § 19-2) for prøveuttak på inntil 2000 m<sup>3</sup>, føreset vi at det vert stilt klare vilkår knytt til uttak, drift og ikkje minst avslutning/terrengtilstelling. Vi legg til grunn at ein dispensasjon for prøveuttak vert tidsavgrensa.

Dersom det blir aktuelt med utvida/større og meir langvarig uttak (utover prøveuttaket på 2000 m<sup>3</sup>) må det med bakgrunn i aktuell storleik vurderast om det må skje medhald av reguleringsplan, inkludert driftsplan. Statsforvaltaren meiner det vil vere uheldig å opne for eit større uttaksområde på denne staden. Uttaksområdet har ei eksponert plassering, og fjerning av skog og steinuttak vil gje negative landskapsverknader i lang tid. At området ligg tett ved sjøen (nasjonal laksefjord) og inntil nasjonal turistveg talar også mot steinuttak i eit større område her. Vi vil difor i utgangspunktet rå frå eit større uttak av steinmassar her, og tilrår å heller vurdere andre alternative uttaksstader.

Vi meiner elles at denne saka må vurderast opp mot uttaket på gbnr. 17/1 (jf. tidlegare sak), og om ikkje behovet for steinmassar til m.a. sikringa av det aktuelle bustadhuset i større grad kan dekkast gjennom uttaket på gbnr. 17/1.

Statsforvaltaren viser elles til Direktoratet for mineralforvaltning som statleg fagmynde når det gjeld saker som vedkjem forvaltning og utnytting av mineralske ressursar.»»

\*Utover dette har tiltakshavar/ grunneigar vore i kontakt med direktoratet for mineralforvaltning. Dei har ikkje kome med endeleg uttale endå.

\*Grunneigar føler at han har kome inn i ein runddans der det er vanskeleg å få endelege avgjerder. Han er difor innstilt på å utarbeide reguleringsplan for området, og har etter dialog med kommunen vurdert det til at han ønskjer Skred AS sin rapport framlagt som eit planinitiativ.

### **Vurdering:**

Rådmannen har tidlegare informert PFU om dette initiativet, og at det har vore litt vanskeleg å få dette arbeidet inn i eit spor. Administrasjonen har ingen fagleg merknad til Skred AS sin rapport, men konstaterer at den gjev eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Merknadar til det førebelse arbeidet frå fylkeskommunen og Statsforvaltaren er vist i sin heilskap i saka. Dei viser til fleire moment, og gjerne med skepsis. Rådmannen meiner dette er element det er naturleg å vurdere inn i ein reguleringsprosess, men vil kommentere nokre av punkta som er teke opp.

For det fyrste meiner rådmannen at ein reguleringsprosess må tydeleg avklare to forhold. For det fyrste så må det dokumenterast tilstrekkeleg sikkerheit langs fv 55, sikkerheit for drift innan området, og tilstrekkeleg med plass til lagring og bearbeiding av stein, samt transport inn og ut av området.

For det andre må det gjerast ei god vurdering av landskapspåverknad, estetikk og istandsetjing av området etter drift og gjerne som eit resultat av etappevis drift. I dette ligg korleis nærområdet og Skjolden vert påverka, både med tanke på busetnad og reiseliv. Rådmannen vil vise til at det vert ei oppgåve for tiltakshavar å dokumentere og finne gode løysingar på desse forholda.

Statsforvaltaren viser også til at tiltaket må vurderast opp mot massetak på Eide. Dette vart etablert som ein del av sikringa og oppattryddinga etter flaumen, og det er søkt og godkjent ytterlegare uttak der samstundes som det er sett i gang arbeid med reguleringsplan.

Rådmannen ser poenget til Statsforvaltaren, men meiner at det er ting som tyder på at det er behov for stor tilgang på steinmassar i området. Dette både som beredskap ved eventuelt nye flaumar, samt at det tyder på at prosjekt i nærområdet kan få behov for store mengder stein i løpet av få år.

Rådmannen er difor innstilt på at kommunen ser positivt på planinitiativet frå Hauge, og avtaler oppstartsmøte for å starte reguleringsplan med han.

Rådmannen vil avslutningsvis understreke at planprosessen må svare ut dei utfordringane som det vil vere ved etablering av denne type verksemd på ein god måte for at kommunen skal gjennomføre reguleringsplanprosessen.

Dato: 26.03.21

Jarle Skartun  
rådmann

Knut Vidar Svanheld  
Plansjef

---

Særutskrift skal sendast:  
m/kopi til:

